



Styremøte Hareid IL Trimgruppa 25. oktober 2017

Tid og stad: Onsdag 25. oktober 2017 klokka 19:00 på klubbhuset.

Til stades: Anita, Roar, Stein, Andreas, Lisbeth, Bernhard og Gunn-Bente.

Sakliste:

Sak 1: Referat frå Hovedgruppa sitt styremøte.

Anita refererer frå Hovedstyre. Rekneskapsoppfølging viser kun fellesbalanse. Det er ønskelig med grupperekneskap.

Harald Møller orienterte om idrettshallen. Kommuna står som eigar av hallen, og Hareid IL blir leigetakarar. Byggestart til våren 2018. Ein satsar på lokale aktørar innen bygg.

Skeiseklubben er aktive igjen. Dei ønsker å stå utanfor Hareid IL. Dei har også fått henvending frå Hareid Ungdomskule om bruk av skeisebana.

Sak 2: Status på Fjellorienteringa. Forebuing av premieutdeling.

Vi har solgt 499 kart (det siste vart solgt fredag 27.11)

Premieutdelinga blir 16 november kl. 18.00. Anita reserverer lokaler inklusive vask. Vi møter kl. 17.00.

Leiv Arne bestiller premiar. Kun glasstatuett til dei under 15 år. Premiering kun på betalte kart. 3 gavekort X 500 kr. Vi trekker premiar i forkant. Gunn-Bente ordnar gavekort og innkjøp av pepperkaker, saft, twist og kaffi.

Sak 3: Status av skilting.

Andreas har ein gjennomgang av skiltplanen. Styret godkjenner. Skilt skal kjøpast inn på årets budsjett.

Sak 4: Eventuelt

Vi registrerer at boka i torvsjøen blir brukt.

Nytt styremøte vert sett til 23.11 kl 1800. Eventuelt 29.11.

Gunn-Bente Drevland
Referent